# Møte om eksamen og vurdering i grunnskolen  våren 2024

13.02.2024

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal


Statsforvaltaren
i Møre og Romsdal
Embetsleiinga
Verksemdsstøtte
Sosial berekraft
UTDANNING
SOSIAL OG FAMILIE
HELSE
VERJEMÅL
RETTSSIKKERHEIT I OMSORG
Berekraftig naturbruk
NATUR-FORVALTNING
JUSTIS OG BEREDSKAP
FORUREINING
PLAN OG KLIMA
LANDBRUK
Visjon: Trygg framtid for folk og natur

# Kven bør få klimasnuprisen 2024?

Meld inn kandidatar som i sitt virke:

- har særleg engasjement kring klimasaka eller gjer ein særleg innsats for omlegging av eigen eller andres kvardag mot eit lågutsleppssamfunn
- gjer oss betre rusta til å tole klimaendringar

Frist for å melde kandidatar er **1.10.2024**

**Meir informasjon:**
https://www.statsforvalteren.no/nb/More-og-Romsdal/Miljo-og-klima/klimasnu/klimasnuprisen/

© Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

# Tema for møtet

1. **Informasjon om LK20 og vurderingsordningar v/ Annhild Lorentzen og Stig Ove Andersen**
    - Diverse informasjon
    - Standpunktkarakterar og klager på standpunkt – Kva såg vi i 2023?
    - Eksamen i grunnskolen våren 2024

**Pause**

2. **Gjennomgang av sentrale funksjoner i PAS-Eksamen og gjennomføringssystema v/ Tone Malme**
    - Skoleeigarnivå
    - Skoleleiarnivå

# Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

## Kontaktpersonar eksamen og vurdering



**Seniorrådgivar Annhild Lorentzen**
E-post: annhild.lorentzen@statsforvalteren.no
Tlf: 71 25 85 96



**Rådgivar Tone Malme**
E-post: tone.malme@statsforvalteren.no
Tlf.: 71 25 85 66



**Seniorrådgivar Stig Ove Andersen**
E-post: stig.andersen@statsforvalteren.no
Tlf: 71 25 84 90



**Seniorrådgivar Jorunn Øen Nesje**

E-post: jorunn.nesje@statsforvaltaren.no
Tlf: 71 25 85 65

# Presiseringar – Spørsmål til Statsforvaltaren

***Kontaktperson i kommunen er bindeleddet mellom oss og skolane***

- **Tolkingsspørsmål (regelverk)** skal sendast til postmottak hos oss. Frå skole: Skal gå via kommunen.
- **Andre tidskritiske henvendingar skal som hovudregel sendast tenesteveg** – t.d. etterpåmelding, problem under eksamensgjennomføringa, sensur.
- **Udir sin informasjon på sine nettsider er fasit.**

- **NB! Udir sitt halvårlege møte med Statsforvaltarane torsdag 15.02.**
  *Eventuelt nytt blir sendt ut til kontaktpersonane på kommunenivå. Følg også med på udir.no*
  *Kontaktperson i kommunen har ansvar for å vidareformidle relevant info til skolane.*

# statsforvalteren.no/nn/More-og-Romsdal/













HER finn de informasjon og brev ut som gjeld eksamen:

- Viktige datoar
- Statistikk
- Presentasjonar
- Kontaktinformasjon
- Oppmannsrapportar

(For full oversikt udir.no)

# Om innføringa av LK20 og nytt om vurderingsordningar

v/ seniorrådgivar Annhild Lorentzen

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

14.02.2024

# Forventingar og ansvar – LK20

**UDIR**:
[Arbeid med læreplaner- forventninger og ansvar]

**Forventingar til skolen sin ledelse (utdrag):**

- legge til rette for at elevane si læring er i tråd med LK20
- legge til rette for at profesjonsfelleskapet er prega av aktiv deltaking, delingskultur, endringsvilje og kontinuerleg utvikling av praksis
- planlegge progresjon og overgangar mellom trinn og skoleslag, arbeide med samanhengar i og mellom fag og legge til rette for elevmedverknad i læringsarbeidet

**Forventingar til skoleeigar (utdrag):**

- at elevane får opplæring i tråd med LK20
- å støtte, utvikle og styrke ein profesjonsfellesskap prega av aktiv deltaking, delingskultur, vilje til endring og kontinuerleg utvikling av praksis

© Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

# Udir -  Fornya fokus på LK20

**Mål: Styrking av skolane sitt arbeid med fagfornyinga**

- Bruke eksisterande strukturar og verkemiddel: Desentralisert kompetanseutvikling (DEKOM), ulike vidareutdanningstilbod  m.m

**Tiltak:**

- Konferansar, webinar og samlingar
- Nettbasert støtte og rettleiing
- Innhaldsmessige prioriteringar

**Målgrupper**: lærarar, skoleleiing, skoleeigar

**Meir informasjon om dette kjem.**

# Eksempel på støtteressurs til skolar – LK20

**Kompetansepakka for innføring av nytt læreplanverk** – no også med ein vurderingsmodul (også om standpunktvurdering): HER

- Introduksjon
- Modul 1: Overordnet del – verdiløftet i praksis
- Modul 2: Læreplaner for fag
- Modul 3: Dybdelæring
- Modul 4: Tverrfaglige temaer i overordnet del
- Modul 5: Profesjonsfellesskap og veien vid[...]
- Modul 6: Vurdering og læring
- Modul 7: Læreplan i praksis NY

**Modul 6: Vurdering og læring**

Modulen støtter skolenes arbeid med å videreutvikle vurderingspraksis i tråd med nytt læreplanverk og endringene i vurderingsforskriften.

Denne modulen bygger på modul 2 og 5. De ulike delene i modulen henger sammen, og kan tas som en helhet eller som ulike deler over tid.

Modulen har seks deler:

- formål med underveisvurdering
- å gi retning for elevenes læring, i tråd med læreplanen
- å følge med på elevenes kompetanse og utvikling
- dialog om mestring, utvikling og videre læring
- helhetlig og integrert underveisvurdering i praksis
- standpunktvurdering

De fem første deler handler om underveisvurdering. Den siste delen legger til rette for arbeid med standpunktvurdering og er spesielt rettet mot ungdomstrinn og videregående skoler.

# Andre aktuelle ressurser

- **Om læreplanvisning og planleggingsverkty for lærarar**: HER
- **Læreplanverket Kunnskapsløftet 2020 -** HER
  Læreplanar, vurderingsordningar, støttemateriell mm
- **Kjenneteikn på måloppnåing:** HER

# Aktuelt: Nasjonal konferanse om LK20 og fagfornyinga

**Udir sine nettsider: Nasjonal konferanse om fagfornyinga**

Konferansen skal inspirere til fortsatt arbeid med læreplanverket. Tverrfaglige temaer, profesjonelle læringsfellesskap, verdiløftet og vurdering er blant temaene. Det blir faglige innspill, diskusjoner og eksempler fra praksis.



**Tidspunkt**: **18. april Clarion Hotel Gardermoen**

**Målgrupper**:

- Lærarar, skoleleiarar og skoleeigarar.

**Link til møtet også i Udir sin kalender.**

# Informasjon frå Statsforvaltaren – Om fritak frå fag

**Vi ser eit behov for å kome med regelverksavklaringar knytt til fritak frå fag i grunnskolen.**

Vi ser behovet for klargjering om **fritak frå fag** ut i frå spørsmål frå sektor eller klagesaker som omhandlar:

- Høgt skolefråvær
- Skolemiljø
- Spesialundervising
- Bruk av alternativ opplæringsarena

**Vi sender ut lenke til ein digital presentasjon i løpet av våren.**

© Statsforvaltaren i Møre og Romsdal 

# Om standpunktvurdering og klage på standpunkt 2023

Ved seniorrådgivar Stig Over Andersen

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

14.02.2024

# Regelverket for standpunktvurdering

**Forskrift til opplæringslova:**

- Kapittel 3. Individuell vurdering i grunnskolen og i vidaregåande opplæring
- Kapittel 4. Individuell vurdering i grunnopplæring særleg organisert for vaksne

**Forskrift til privatskolelova:**

- Kapittel 3. Individuell vurdering i grunnskolen og i vidaregåande opplæring



# Grunnskolen: Standpunktvurdering etter LK20

## Regelverk, rundskriv og tolking:

**Forskrift til opplæringslova:**

- § 3-3 Vurdering i fag
- § 3-14 Sluttvurdering
- § 3-15 Standpunktkarakterar i fag
- § 3-8 Varsling

**Frå Utdanningsdirektoratet:**

- Om Standpunktvurdering
- Rundskriv UDIR-2-2020 Individuell vurdering
- Behandling av klager på standpunktkarakterar i fag
- Nye Kjenneteikn på måloppnåing etter LK20

- **Standpunktvurderinga er eit uttrykk for den samla kompetansen eleven har i faget ved avsluttinga av opplæringa**
- Grunnlaget for vurdering i fag er kompetansemåla i læreplanen (LK20) i faget. Kompetansemåla skal forståast i lys av teksten «*Om faget*» i læreplanen
- Eleven skal få høve til å vise kompetansen sin på fleire og varierte måtar
- Kompetanse eleven har vist undervegs i opplæringa, er ein del av vurderinga når standpunktkarakteren skal settast
- Eleven skal vite kva det vert lagt vekt på i fastsettinga av standpunktkarakter
- Føresetnader, fråvær, orden og åtferd skal ikkje inngå i vurderinga i fag. Innsats berre dersom det går fram av kompetansemåla i faget (t.d. kroppsøving)

# Vaksenopplæring: Standpunktvurdering etter LK20

**Regelverk, rundskriv og tolking:**

Forskrift til oppll. Kap 4:

- § 4-3 Vurdering i fag
- § 4-9. Sluttvurdering i fag
- § 4-10 Standpunktkarakterar i fag
- § 4-5 Varsling

**Utdanningsdirektoratet**

- Standpunktvurdering
- Rundskriv UDIR-2-2020 Individuell vurdering
- Behandling av klager på standpunktkarakterar i fag
- Nye Kjenneteikn på måloppnåing etter LK20

**Standpunktvurderinga er eit uttrykk for den samla kompetansen eleven har i faget ved avsluttinga av opplæringa**

- Grunnlaget for vurdering i fag er kompetansemåla i læreplanen (LK20) i faget. Kompetansemåla skal forståast i lys av teksten «*Om faget*» i læreplanen
- Deltakaren skal få høve til å vise kompetansen sin på fleire og varierte måtar
- Kompetanse deltakaren har vist undervegs i opplæringa, er ein del av vurderinga når standpunktkarakteren skal settast
- Deltakaren skal vite kva det vert lagt vekt på i fastsetting av standpunktkarakter
- Føresetnader, fråvær, orden og åtferd skal ikkje inngå i vurderinga. Innsats skal inngå berre dersom det går fram av kompetansemåla i faget (t.d. kroppsøving)

# Om varsling



**Forskrift til opplæringslova § 3-8**
**Forskrift til opplæringslova § 4-5**
**Forskrift til privatskolelova § 3-8**

**Dersom eleven ikkje har fått varsel SKAL eleven ha karakter i faget!**

**§ 3-8. Varsling**

Elevar og foreldre til elevar under 18 år skal varslast skriftleg dersom eleven står i fare for å

**a.** ikkje få karakter (IV) ved halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i eitt eller fleire fag

**b.** få karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) ved halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i orden eller i åtferd.

Varselet skal givast straks det er klart at det er fare for nedsatt karakter eller bortfall av karakter, og skal gi eleven høve til å få karakter i fag eller ikkje få nedsett karakter i orden eller åtferd.

**Grunnskoleopplæring særleg organisert for vaksne:**

**§ 4-5. Varsling**

Deltakaren skal varslast skriftleg dersom det er tvil om deltakaren står i fare for å
**a.** ikkje få standpunktkarakter (IV) i eitt eller fleire fag
**b.** ikkje få halvårsvurdering (IV) i eitt eller fleire fag.
Varselet skal givast utan ugrunna opphald og gi deltakaren høve til å få karakter i faget.

© Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

# Om arbeidet med standpunktklager hos Statsforvaltaren

- **Orden og åtferd:** Skil seg frå faga - Dersom Statsforvaltaren opphevar skolen sitt vedtak, fattar vi nytt og endeleg vedtak
- Statsforvaltaren nyttar digital sending ved klagebehandlinga. *Våre vedtak vert sendt direkte til postmottak i kommunen som skal vidaresende til skolane.*

- Vi vil ha **kopi av nye vedtak frå skolen**

# Om klager på standpunkt 2023

**Dei fremste grunnane til at karakteren vert oppheva er at faglærar i sin uttale**

- ikkje omtalar eleven sin samla kompetanse
- at faglærar legg for stor vekt på nokre kompetansemål i faget
- har lagt vekt på utanforliggande moment som føresetnader, fråvær, orden og åtferd i standpunktvurderinga i fag
- at det til dømes er eit uklart skilje mellom faga fysisk aktivitet og helse og kroppsøving

# Faglærar sin uttale ved klage på standpunktkarakter

**Vi vurderer ikkje om karakteren er riktig eller ikkje.**
Uttalen frå faglærar **må** difor vere utforma på ein slik måte at Statsforvaltaren kan sjå om regelverket er følgd.

**Faglærar må difor i sin uttale :**

- grunngje korleis standpunktkarakteren er eit uttrykk for eleven sin kompetanse ved avsluttinga av opplæringa
- skildre korleis eleven har fått vist sin kompetanse på fleire og varierte måtar
- skildre/personifisere eleven sin samla kompetanse ut frå læreplanen i faget. *Teksten Om faget gir ei god innramming til kva «samla kompetanse i faget» kan vere.*
- skildre korleis standpunktvurderinga er gjort på riktig vurderingsgrunnlag

© Statsforvaltaren i Møre og Romsdal 

# Rektor skal alltid uttale seg før klagesaka vert oversendt til Statsforvaltaren

**Rektor skal gjere greie for om saksgangen på skolen har vore i samsvar med forskriften.**

**Dette vil seie å:**

- gjere greie for skolen sin prosedyre for fastsetting av standpunktkarakterar, samt tidspunktet for når den påklaga standpunktkarakteren er fastsett
- vurdere/kvalitetsikre faglærars uttale:
  Er standpunktkarakteren fastsett i samsvar med krava etter forskrift til oppll.?
- ta stilling til om han/ho vurderer at faglærar sin uttale viser at standpunktkarakteren er sett i samsvar med regelverket



© Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

# Klage på standpunktkarakter

- UDIR si rettleiing «Behandling av klager på standpunktkarakterer i fag er under revisjon. Følg med.
- Rettleiing på Statsforvaltaren si nettside Eksamen og vurdering (*Ny for 2024 kjem)*
- Digitalt innsendingsskjema på Statsforvaltaren si heimeside

- **Vi fekk ein del klagar (for) seint i fjor. Statsforvaltaren ønsker dei inn utan «ugrunna opphald».**

# OM SENTRALT GITT EKSAMEN VÅREN 2024

Ved seniorrådgivar Annhild Lorentzen

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

14.02.2024

# Statsforvaltaren sine oppgåver: Eksamen

**Statsforvaltaren har som oppgåve å** følge opp regionalt arbeid med det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet, herunder eksamen, og sjå til at denne er i tråd med forskrift og retningslinjer.

**Statsforvalteren skal** koordinere sensur for sentralt gitte eksamnar i grunnskolen og i grunnskoleopplæring for voksne.

**Våre oppgåver: Sentralt gitt eksamen**

- rettleie skolar og skoleeigarar i arbeidet med prøver og eksamen
- gje brukarstøtte PAS/PGS
- rekruttere, oppnemne og skolere sensorar
- oppnemne oppmenn/grupper
- arrangere sensorskolering og fellessensur
- utbetale utgifter knyttet til sensur

© Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

# Eksamensgjennomføringa 2023

**Udir 2022-2023:** Ekstra satsing på eksamen: Webinarer, fagsamlingar, todelt sensorskolering + ekstra honorar til sensorar

**Kommuane - eksamen**:

Lokalt gitt eksamen: Mangel på eksterne sensorar. Intensivt arbeid på fleire nivå!
Fasit vart:  Eit fåtal elevar fekk ikkje gjennomført lokalt gitt eksamen

# Eksamensgjennomføringa 2023

## Statsforvaltaren – Sensuransvarleg sentralt gitt eksamen

- **Tilgang på sensorar:** Marginalt tal fagpersonar å «plukke frå» i norsk og engelsk. Ujamn fordeling på kommune- og skolenivå.
- **Feil ved levering av elevsvar.** Sensorar meldte frå om:
  - **- Opplasting i PAS av feil dokument/ufullstendig skanna elevsvar.**
  - **- Levering av elevsvar med namn.**
  - **- Bruk av KI.** Sensorar meldte frå om mistanke om bruk av KI.

    Problemstilling for rektor om KI er brukt :

    **1.** På førebuingsdagen (utan å oppgje kjelder) = Plagiat?

    *eller*

    **2.** På eksamensdagen = Fusk?

# Eksamen - Forskrift til opplæringslova

[§ 3-14. Sluttvurdering]

[§ 3-22. Om eksamen]

[§ 3-23. Ansvar]

[§ 3-24. Melding til eksamen]

[§ 3-25. Eksamensformer og varighet]

[§ 3-26. Trekk til eksamen]

[§ 3-27. Forberedelsesdel]

[§ 3-28. Sensur]

[§ 3-29. Særskilt tilrettelegging]

[§ 3-33. Bortvisning fra eksamen]

[§ 3-34. Annullering av eksamen]

**Linkar frå Lovdata** (utan innlogging)

**Bestemmingane i forskrifta vert utdjupa i Udir sitt rundskriv**

**Individuell vurdering Udir-2-2020**

- Fortløpande oppdatert ved endringar
- Rundskrivet gjeld så langt det passar for forskrift til opplæringslova **kapittel 4 (vaksne)** og **forskrift til privatskolelova kapittel 3**.

# Om skoleeigar (kommunen) sitt ansvar – Sentralt gitt eksamen

Forskrift til opplæringslova :

**§ 3-23.** ***Ansvar***

For sentralt gitt eksamen har Utdanningsdirektoratet ansvaret for å organisere eksamen, utarbeide eksamensoppgåver, setje dato og for sensur, om ikkje anna er fastsett i læreplanen i faget.

For lokalt gitt eksamen har skoleeigar ansvaret for å utarbeide eksamensoppgåver, setje dato og for sensur, om ikkje anna er fastsett i læreplanen i faget. Faglærar skal utarbeide forslag til oppgåver.

Skoleeigar har ansvar for å gjennomføre alle eksamenar, og for å trekkje elevar til eksamen. Skoleeigar har ansvar for gi elevar informasjon om eksamen og kva det blir lagt vekt på i vurderinga. Dei har òg ansvaret for at privatistar får tilgang til slik informasjon.

Dei som er ansvarlege for å utarbeide eksamen, avgjer om eksamen kan gjennomførast med hjelpemiddel, og kva for hjelpemiddel som er tillatne i kvart enkelt fag.

0 Endra ved forskrifter 29 juni 2020 nr. 1474 (i kraft 1 aug 2020, heile kap 3 endra), 9 nov 2021 nr. 3172.

© Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

# Skoleeigar (kommunen) sitt ansvar – vaksenopplæring – Sentralt gitt eksamen

Forskrift til opplæringslova:

**§ 4-15.** ***Ansvar***

For sentralt gitt eksamen har Utdanningsdirektoratet ansvaret for å organisere eksamen, utarbeide eksamensoppgåver, setje dato og for sensur, om ikkje anna er fastsett i læreplanen i faget.

For lokalt gitt eksamen har skoleeigar har ansvaret for å utarbeide eksamensoppgåver, setje dato og for sensur, om ikkje anna er fastsett i læreplanen i faget. Faglærar skal utarbeide forslag til oppgåver.

Skoleeigar har ansvar for å gjennomføre alle eksamenar for deltakarar og privatistar, og for å trekkje deltakarar til eksamen. Skoleeigar har ansvar for gi deltakarar informasjon om eksamen og kva det blir lagt vekt på i vurderinga. Dei har òg ansvar for at privatistar i grunnskolen får tilgang til slik informasjon.

Dei som er ansvarleg for å utarbeide eksamen avgjer om eksamen kan gjennomførast med hjelpemiddel, og kva for hjelpemiddel som er tillatne i kvart enkelt fag.

0 Endra ved forskrifter 29 juni 2020 nr. 1474 (i kraft 1 aug 2020, heile kap 4 endra), 9 nov 2021 nr. 3172.

# Vertskommunen sitt ansvar - private skolar – Sentralt gitt eksamen

Forskrift til privatskolelova:

**§ 3-23.** ***Ansvar***

For sentralt gitt eksamen har Utdanningsdirektoratet ansvaret for å organisere eksamen, utarbeide eksamensoppgåver, setje dato og for sensur, om ikkje anna er fastsett i læreplanen i faget.

For lokalt gitt eksamen har vertsfylket eller vertskommunen ansvaret for å utarbeide eksamensoppgåver, setje dato og for sensur, om ikkje anna er fastsett i læreplanen i faget. Faglærar skal utarbeide forslag til oppgåver.

Vertsfylket eller vertskommunen har ansvar for å gjennomføre alle eksamenar, og for å trekkje elevar til eksamen. Skolen har ansvar for gi elevar informasjon om eksamen og kva det blir lagt vekt på i vurderinga.

Dei som er ansvarlege for å utarbeide eksamen avgjer om eksamen kan gjennomførast med hjelpemiddel, og kva for hjelpemiddel som er tillatne i kvart enkelt fag.

0 Endra ved forskrifter 29 juni 2020 nr. 1474 (i kraft 1 aug 2020, heile kap 3 endra), 9 nov 2021 nr. 3172.

# Meir om skoleeigar/kommunen sitt ansvar – sentralt gitt eksamen

**Kvar kommune skal ha ein kontaktperson som har rolle i PAS-eksamen. Kommunen har m.a. ansvar for:**

- Eksamenstrekket. For meir om dette sjå HER og i Udir-2-2020
- Brukarstøtte til skolane i PAS-Eksamen. Dette gjeld óg vaksenopplæring og privatskolar.
- Sørge for at skolane overheld fristar for blant anna påmelding av elevar til eksamen og forslag av fagpersonar.

**Tenesteveg skal som hovudregel nyttast når noko oppstår:**




- **Sentralt:** Kommunen må ha oversikt over skolane, både når det gjeld **gjennomføring**, men også **oppfølging på eksamens- og vurderingsområdet**

# Skoleeigar og skoleleiing:
## udir.no - Administrere eksamen - 2024

| Planlegge eksamen | Gjennomføre eksamen | Følge opp |
|---|---|---|

- Testeksamen
- Hva er nytt ved eksamen?
- Datoer for eksamener i grunnskolen
- Datoer for eksamener i videregående
- Trekk av eksamensfag
- Påmelding av eksamenskandidater
- Foreslå fagpersoner som sensor
- Kandidater med behov for særskilt tilrettelegging
- Krav til utstyr på eksamen
- Informasjon til IT-ansvarlige

**Hva er nytt ved eksamen?**

### Justeringer i forberedelsesdelene

Vi gjør justeringer i forberedelsesdelene på grunn av tilgjengelighet og bruk av kunstig intelligens. Blant annet vil mange av fagene ikke lenger oppgi tema i forberedelsesdelen. Du kan finne informasjon om de enkelte fagene i eksamensveiledningen.

### Bruk av kunstig intelligens til eksamen

Bruk av tekstgeneratorer som ChatGPT er ikke tillatt under eksamen. Tekstgenerator er heller ikke en pålitelig kunnskapskilde å bruke på forberedelsesdagen. Hvis du likevel tar med innhold fra forberedelsesdagen som er produsert av en tekstgenerator, skal du alltid markere det i teksten og oppgi referansen i litteraturlisten, sammen med kildene dine.

### Reduksjon i nettbaserte hjelpemidler

Våren 2024 blir det en reduksjon i antall nettbaserte hjelpemidler som er tilgjengelig under eksamen for vgo. Oversikt over nettbaserte hjelpemidler blir publisert i forkant av eksamen på Novari IKS (tidligere Vigo IKS) sine nettsider.

### Vurderte eksamenssvar er i eksamensveiledningen

Fra i år vil eksamensrapport med eksamenssvar ligge som en del av eksamensveiledningen. Du finner eksamensveiledningene i udir-søket. Ikke alle fag har en eksamensrapport.

# Viktige datoar eksamen 2024 – grunnskolen
*(pr. 08.02.24)*

| | |
|---|---|
| **1. mars** | Frist: **påmelding av kandidatar**<br>Frist: **registrering av fagpersonar**<br>Frist: **bestilling av ekstra materiell til kandidatar** |
| **14. mars**<br>**25. og 26. apr.** | **Testeksamenar** (*Sjå også Tone sin presentasjon)*<br>Testeksamen 14. mars: Påmelding frå 8. februar<br>Testeksamen 25. og 26. april: Påmelding fra 21. mars |
| **7. mai** | **Kunngjering av trekket kl. 09.00** |
| **Veke 20+21:** | **Eksamensperiode for sentralt gitt eksamen i grunnskolen 2024**: Eksamensplan våren 2024 |
| *(23.-24. mai )*<br>*(27.-28. mai)* | *(Forhåndssensur norsk og engelsk, Udir, Oslo. Målgruppe: Oppmenn)*<br>*(Forhåndssensur matematikk, Udir, Oslo. Målgruppe: Oppmenn)* |
| **31. mai** | **Sensorskolering**, Molde. Alle sensorar. (Dagssamling) |
| **18. juni** | **Fellessensur**, Molde |
| **1. juli** | **Frist for å levere klager i PAS-Eksamen** |

© Statsforvaltaren i Møre og Romsdal 

# Kommunen har ansvar for nettløysingar under eksamen

- Nye heildigitale eksamenar i norsk og engelsk krev internett

  ***Nytt!*** *Sikringtiltak 2024: Muligheit for trykt utgåve i norskkodane. Engelsk: berre førebuingsdelen.*

- Ope internett er ikkje tillatt!

- Elevar og vaksne deltakarar skal sikrast tilgang til eit avgrensa utval nettbaserte hjelpemiddel under sentralt gitt eksamen

**Sjå Udir:**

- **Bruken av hjelpemiddel**
- **Nasjonale føringer for nettbasere hjelpemiddel (gs)**
- **Hva er nytt ved eksamen?**
- **Krav til utstyr på eksamen**
- **Informasjon til IT-ansvarlege**

# Hjelpemiddel

**Udir**: Bruken av hjelpemidler

*«Med hjelpemidler menes alle kilder og verktøy, både fysiske og digitale, du kan benytte deg av for å besvare eksamen, for eksempel egne notater, bøker, lovlige nettsider eller ordbøker.»*

- **Førebuingsdagen:** Alle hjelpemiddel er tillatne, inkludert kjelder på internett
- **Eksamensdagen:** Ulikt frå fag til fag. Alle hjelpemiddel er tillatne, men avgrensa tal hjelpemiddel på nett. Ingen kommunikasjon, ingen bruk av tekstgenerator (Chatbot) eller samskriving.
- **Ved todelt eksamen (matematikk):**
  **Del 1:** Skrivesaker, linjal, passer og vinkelmålar
  **Del 2:** Alle hjelpemiddel er tillatne, men avgrensa tal hjelpemiddel på nett. Ingen kommunikasjon, ingen bruk av tekstgenerator (Chatbot) eller samskriving.

# Konsekvensar dersom elevane ikkje får tilgang til dei nettbaserte hjelpemidla

- **Formell feil: «Dersom skoleeier eller skolen ikke ivaretar føringene for antall nettbaserte hjelpemidler, kan det bli regnet som formell feil under eksamensgjennomføringen. Utdanningsdirektoratet kan i så fall annullere eksamen» (jf. § 3-34)**

---

**Planlegg tiltak lokalt:**

- Offline ordbøker?
- Dersom de i forkant av eksamen er kjent med at nettilgangen under eksamen vil vere svært dårlig, bør skoleeigar sørge for reserveløysing.
- Stor pågang på nettsider under eksamen kan føre til at nettsidene «heng»/er treige. Tiltak kan vere at skoleeiger til dømes opnar for fleire ordbøker evt har offline løysingar.

© Statsforvaltaren i Møre og Romsdal 

# Særskild tilrettelegging av eksamen (§ 3-29)

**Udir.no: Kandidatar med behov for særskilt tilrettelegging**

Tilrettelegginga skal ikkje gi fordeler, ikkje avhjelpe manglande kompetanse, ikkje endre eksamensform slik at eleven ikkje blir prøvd etter kompetansemåla i faget. Tilrettelegginga skal gjenspeile hjelpemidla som eleven har hatt gjennom opplæringa.

**Læreplana i faget styrer eksamen. Tilretteleggingar kan til dømes vere:** utvida tid, «kvilerom», opplesing av oppgåvetekst, oppgåva på teiknspråk eller punktskrift, tale-til-tekst-program, skrivehjelp og/eller andre tenelege tilretteleggingar for at eleven skal få vist kompetansen sin i faget. Lista er ikkje uttømmande.

**Korleis gå fram?**

- Foreldre sender søknad til rektor, som fattar enkeltvedtak
- Krev ikkje vedtak om spesialundervisning. Rektor avgjer om det er behov for ein uttale frå sakkunning.
- Statsforvaltaren er klageinstans

**Lyd på førebuingsdel:**

- engelsk
- norsk hovedmål og sidemål
- Samisk

**Eksamensoppgåver:** Sjå udir.no

- Eksamensoppgavene i matematikk blir innlest som lydfiler. Har de kandidatar som skal ha tilgang til lydfiler: Alle skolar finn filene i PAS – eksamen fra kl 07.00 på eksamensdagen.

- Bruk eksempeloppgåvene til å teste tilretteleggingsprogram eleven brukar på eiga maskin.

© Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

# Særskild tilrettelegging av todelt eksamen i matematikk

**Presisering**

Rundskriv om særskilt tilrettelegging av sentralt gitt skriftlig todelt eksamen i matematikk, (…) i ~~Udir-4-2017~~ har utgått.

**Dette vil seie at to-delt eksamen i matematikk skal følge dei same føringane om særskild tilrettelegging som andre fag. Sjå føregåande side.**

© Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

# Plagiat og plagiatkontroll

**Udir.no:** *Bruk av kilder*

**Kva er plagiat**?

- Plagiat er **ikkje** det samme som fusk i grunnskolen.

Ein plagiatkontroll avslører graden av usjølvstendigheit dvs manglande kompetanse i å vise til kjelder.

**Elevane må få opplæring i å oppgje kjeldene sine på ein etterretteleg måte.** Sjå t.d. eksamensrettleiinga i faget**.**

**Konsekvens av plagiat:** Det kan vere vanskeleg å sjå eleven sin individuelle kompetanse. Resultat: Lågare måloppnåing.

**Plagiatkontroll**

- **Norsk og engelsk:** ALLE elevsvar vert plagiatkontrollert automatisk

- Elevsvara vert kontrollert mot alle andre elevsvar i tillegg til andre kjelder

© Statsforvaltaren i Møre og Romsdal 

# Bruk av kunstig intelligens (KI) til eksamen

Utdanningsdirektoratet: **Hva er nytt ved eksamen?**

- «Bruk av tekstgeneratorer som ChatGPT er ikke tillatt under eksamen. Tekstgenerator er heller ikke en pålitelig kunnskapskilde å bruke på forberedelsesdagen. Hvis du likevel tar med innhold fra forberedelsesdagen som er produsert av en tekstgenerator, skal du alltid markere det i teksten og oppgi referansen i litteraturlisten, sammen med kildene dine.»

**NB! Viktig at dette blir formidla til elevane!**

# Fusk - Grunnskolen

**Udir.no: Juks og konsekvensar av juks**

**Merk at:**

- dersom ein ser/mistenker at ein elev fuskar eller forsøker å fuske har eleven rett til å få fullføre eksamen
- eleven skal ha høve til å uttale seg munnleg før rektor evt. fattar enkeltvedtak om annullering
- sensor også kan oppdage fusk. Sensor tek då kontakt med Statsforvaltaren som skal kontakte rektor
- klageinstans: Statsforvaltaren

**Konsekvensar av fusk:**

- eksamen annullert
- eleven mister standpunktkarakteren i faget

*Forskrift til opplæringslova* ***§ 3-34***

# Faglærar sine oppgåver - Eksamen

- **Gje elevane opplæring og vurdering i tråd med læreplanane i faga**
- Gjere seg kjent med Eksamensveiledningen
  *NB! Sjå særleg på tekst om bruk av kjelder og vurderingsskjema.*
- Eksamen: Sjå Oppmannsrapportar 2023: **HER**

**Førebu elevane på eksamen – både munnleg og skriftleg**

- Gjere elevane kjende med sentralt gitt eksamen:
  - eksempeloppgåvene
  - eksamensveiledningar

**Nyttig info til faglærarar og elevar:**

**Udir:**

- Samleside: Forberede og ta eksamen
  Film: Skal du ta skriftleg eksamen?
- Eksamensveiledninger + eksempeloppgåver
  *Hugs å sjekke at det er 2024-utgåva.*

# Felles for alle nivå med ansvar for eksamen

Udir sin artikkel Endringar i eksamen etter nye læreplanar gir ei kortfatta, men god oversikt for skoleeigar, skoleleiing og lærarar:

- Faglege endringar
- **Eksempeloppgåver Eksamensveiledninger**
- Digitalisering av eksamen



# Sentrale dokument og nettsider

**Vitnemålsskrivet 2024**

**Føring av vitnemål og kompetansebevis for grunnskolen i Kunnskapsløftet – 2024**

**Viktige meldingar under eksamen HER**